

*Tord Kalvenes 2023*

## *Skjebnar ved kysten - Austevollspelet*

Ein fiskerimusikal frå Austevoll med handling frå første halvdel av 1900-tallet

Musikalsk besetning:

- Solistar
  - El-piano (ulike lydfunksjonar)
  - Gitar (akustisk og elektrisk)
  - Saksofon (tenor- og sopransax)
  - Cello
  - Valthorn
- Perkusjon (trommesett, tom-toms, vibrafon, skipsklokke)

Musikk: Tord Kalvenes  
Manus: Tord Kalvenes og Karl Olav Kalvenes

Durata: Ca. 60 minutt



# "SKJEBNAR VED KYSTEN" - MANUS

Manustekst: Tord Kalvenes og Karl Olav Kalvenes

## PROLOG DEL 1:

- Del 1: *Seglbåten og kystlaga i posisjon medan musikken går. Utstyr kjem på plass. Notkastgjengen, som er posisjon frå byrjinga, kastar gjennom prologen. Deretter dreg dei nota vekk i bakgrunnen medan dei neste scenene foregår. Fortellarar kjem inn mot slutten av prolog del 1 og representerer notid.*

## FORTELLARSCENE:

**Fortellar:** Hei, Mathilde, e du klar?

**Mathilde:** Ja, eg kjem!

**Fortellar:** No é fiskeriet begynt, me må komma oss ut for å fiska!

**Mathilde:** Eg kjem, eg kjem!

**Fortellar:** Ja, men skal ikkje du ha fiskeutstyret med deg då?

**Mathilde:** Ååh, fiskestång! *Henter.* Jada, her é ho!

**Fortellar:** Ja, men skal ikkje du ha redningsvest då, Mathilde?

**Mathilde:** Åja, åh! Alltid e da nåke eg gløyme. Jada! Eg har da.

**Fortellar:** Ska ikkje eg ha noko å fiska med, då? Harpo mi?

**Mathilde:** Ååh! Kossen ser den ut då?

**Fortellar:** Må skunda deg no!

**Mathilde:** (*Åkkar/stønner*) Ja, eg har ho her.

**Fortellar:** Ja, og so må me jo ha ei bøtta!

**Mathilde:** Bøtta?

**Fortellar:** Ja, me må jo ha nåke t kveite og hummeren osv.

**Mathilde:** Ja vel, me tar denne her! Den é sikkert grei!

**Fortellar:** Kom igjen, kom deg ombord!

**Mathilde:** Du tar jo ingenting, alltid må *eg ta alt*. Ja, her é bøtto, og harpo, fiskestångo og redningsvesten

**Fortellar:** Ja, men då må du jo ha på deg redningsvesten vel, Mathilde? *Fortvilt.*

**Mathilde:** Åå, jada! (*Tar på vesten feil veg*).

**Fortellar:** Og så é da ein fordel å ha den på seg rett vei då, Mathilde!

Sett deg ned litt no, so ska eg fortella deg ei historie frå kossen da va her på neset før i tio.

**Mathilde:** Ja, da hadde vore spennande (*ironisk*).

**Fortellar:** Så klart kan eg da. Ser du ut på fjorden der? Der har kystlaget stasjonert seg.

**Mathilde:** Ja, eg ser.

**Fortellar:** Veit du ka dei gjer der ute?

**Mathilde:** Ja, jo, dei drive med nåke garn eller teiner?

**Fortellar:** Stemme da ja, dei har nettopp kasta *landnot*. Landnot va den noten dei brukte før ringnoten kom seinare. Ette kastet måtte dei bruka lang tid på å dra noten inn igjen. Da va sånn Hans Karin og dei jobba då dei skulle ut å fiska med småbåtana. Du huska kem han va, ikkje sant?

**Mathilde:** Hans Karin? Vel, jo, va da oldefar?

**Fortellar:** Nei, da va oldefar sin eldste bror. Dei va fem søsken. Yngste broren, Karl Martin, va oldefar din. I mellom dar va Lars Olaien, Endre og Anna Maria. No ska du få "høyra historien om dei" (*que til prolog del 2. Båten køyrer raskt vekk medan fiskekuttaren kjem mot scenen.*

*Skodespelarane kjem ut for å jobbe og vinke til båtmannskapet.*

## PROLOG DEL 2:

*Folk kjem inn og sett i gong med litt arbeid medan prolog del 2 spelast av. Scenen startar når musikken sluttar. Hans Karin og dei andre søskene bærer på koffertar og bagasje til reisen. Kari er også med for å bære og følge med.*

**Endre:** Lars Olai, no må dåke komma, me må kjappa oss!

**Anna Maria (AM):** Åh, no gleda eg meg t å reisa!

**Hans Karin (HK):** E dåke sikker på at vi har tenkt skikkelig igjønne detta? Papen treng oss her.

**AM:** Eit liv her vil bli eit liv i armod og fattigdom, med mann og mann!

**HK:** Ja, men, Anna Maria! Fiskjen kjem igjen og igjen, da veit dåke vel?

**Endre:** Du må no berre bli igjen, du vel. Eg vil ikkje savna da harda fiskeriet.

**HK:** Endre, Da e jo ikkje sikkert at da blir bedre å berre segla vestigjønne t Amerika?

**AM:** Du, me har jo snakka om detta. Da e mange som har reist før oss som me har tenkt å oppsøka, da gjer jo ting lettare, ikkje sant?

**Endre:** Da besta for oss e å dra for å starta på nytt nordøve i Amerika. I Vesten kan me finna mange landområde med god jord til å driva gårdsbruk. Kanskje eg og kan vera med å bygga opp eit godt samfunn sammen med andre.

**Lars Olai:** Ka é da dåke holde på med? Skuto ligge jo klar t oss, da på tide å komma oss om bord!  
(*Dei andre går, HK blir igjen. Lars inn*)

**Lars:** (*alvorlig i tonen*): Du Hans. Du må snakka med syskjena dine.

**HK:** Eg?

Lars: Ja du! Da é jo du som é eldstemann i flokken. Eg trur ikkje dei vil høyra på meg lenger. De kan ikkje reisa.

**Hans Karin:** Me har bestemt oss, far.

Lars: Men, ka med oss?

**HK:** Eg ska prøva å snakka med dei. Men da virke som om både Anna Maria, Endre og Lars Olaien allerede har bestemt seg for ka dei vil gjera, og da é å segla vestigjøne t da forgjettete land, so dei seie.

**Lars:** Jo, da e jo mange som har gjort sånn som dåke og teke turen øve t Amerika. Men eg treng dåke her (*fortvilt*).

**HK:** Men da e ingenting her.

**Lars:** Eg veit da e dårlige tider og dårlig med fiskeri. Da sista sildakastet eg va med på vart da berre nåke småtter og ikkje nok til levebrød, men silda kjem igjen, og då....

**HK:** Me har bestemt oss, far...

**Lars:** Ja, men høyr no litt på meg då. Da e masse fine plass i Austevoll som dåke kan busetta dåke. Eg kan ordna... (*Lars prøver å ta tak i HK, men HK skubber han vekk*)

**HK:** ME DRAR.... (*pauser*) Unnskyld, far!

**Lars:** Yngstemann, Karl Martin, han må i alle fall vera igjen, han er no berre ungdommen. (*Lars går*)

**HK:** Far...

### **BØN (HK syng)**

Songtekst: Vers 1: Åå, hjelp meg meg du som hjelpa kan. Du ser kor sårt eg strider.

Mitt hjarta trøtt i tunge band. Forutan von seg vrider.

Mi naud eg kan kje ut få sagt. Det vonde fekk så stor ei makt.

Som brann i barm det svider.

Vers 2: Ja, hjelp meg du som hjelpa kan. Til deg mi bøn eg sender.

Du stridde sjølv og yvirvann; du myrkemakti kjenner.

Mi naud er stor, min strid er fæl, vær hjå meg du som vil meg vel.

Då veit eg alt seg vender.

**Kari (snakkar):** Hans Karin, er du sikker på at du vil at me ska dra?

**HK:** Kari, da é ingenting her. Men, eg veit no kje heilt sikkert eg, altså. Amerika, Amerika, liksom. Ka vil du?

**Kari:** Me é jammen tøffe om me hive oss avgårde. Kanskje du har rett, da e jo ikkje jord og stein til alle. Men eg trur med litt tålmodighet so kunne vi heilt sikkert fått nåke t på eitt av nesena her ute.

**HK:** Og, far hadde heilt sikkert ordna oss en plass å bu. Men har me ikkje bestemt oss?

## EG OG DU (Kari og HK syng):

### Songtekst:

Vers 1: **HK:** Da é blitt tid for å ta eit valg

**Kari:** Kom inn, min mann, eg veit me kan

**HK:** Kva kan me gjera for å få dei til å bli?

**Kari:** Sei da, Hans, detta kan bli ei vanskelig tid

**HK:** Me ska klara oss i lag

**Kari:** Me ska klara oss i lag

**HK:** Aa.

**Kari:** Me ska klara oss i lag, i lag

**HK:** Vil da bli bra å dra vekk herifrå?

**Kari:** Tenk, kjære, me skal bli her og leva bra

**HK:** No har me funne oss ein plass til oss to

**Kari:** Heilt einig, no kan me slå oss til ro

**HK (samtidig)** Ja, me kan slå oss til ro

**Kari:** Eg er heldig som har deg

**HK:** Ja, du kjære, eg e glad i deg!

**Kari:** Glad i deg! (*svarar*). Her på øyo ska me bu

**HK:** (*svarar*) Ja, min kjære, eg og du. Eg og du.

Vers 2:

**HK:** Da é blitt tid for å ta eit valg

**Kari:** Min kjære, dei è klare, alt

**HK:** Kva kan me gjera for å få da t?

**Kari:** Kven veit, Hans, detta kan bli ei vanskelig tid

**HK:** Me ska klara oss i lag

**Kari:** Me ska klara oss i lag

**HK:** Aa.

**Kari:** Me ska klara oss i lag, i lag

**HK:** Da er ein vakker og nydeleg plass (*dagdrøymer*)

**Kari:** Med flinke folk som dreg sitt lass

**HK:** No har me funne oss ein plass til oss to

**Kari:** Heilt einig, no kan me slå oss til ro

**HK (samtidig)** Ja, me kan slå oss til ro

**Kari:** Eg è heldig som har deg

**HK:** Åå, du kjære, eg er glad i deg!

**Kari:** Glad i deg! (*svarar*). Her på øyo ska me bu

**HK:** (*svarar*) Ja, min kjære, eg og du. Eg og du (*begge*).



**HK:** Far! (*snakkar*)

**Lars:** (*amper*) Har ikkje dåke kommen dåke avgårde endo?

**HK:** Me blir! Anna Maria, Endre og Lars Olaien dei drar, men *eg* og Kari blir her. Eg skal vera her og ta vare på mammo, Karlen og skaffa oss eit godt liv her.

(*Dei klemmer*)

**Lars:** Takk ska du ha, Hans Karin.

**HK:** Men: Me trenge jo penga. Da koste jo penga driva båt og bruk.

**Lars:** Ja, da é ikkje gratis. Men du: Du lyte berre finna nâken som kan låna deg penga, då kanskje? Eg tenkte litt på han Christian Bjelland borti Stavanger - Han som tar i mot sild. Ja, du kjenne jo litt t han, du. Han knyte til seg notbasa som kan levera råstoff til seg. Kanskje han kan vera til hjelp? *Hans nikker medan han jobbar.* Dette ordna du. Og takk for at du og Kari blir!

### **HER PÅ VESTLANDET (HK syng):**

Songtekst:

**HK:** Eg vil vera her og visa at sola kan skina på Vestlandet.

Eg vil vera her og bidra til utvikling for fiskeri.

Eg vil leva her, og kjenne at plassen eg kjem frå, den har verdi.

Eg vil vera med og skapa ei utvikling for fiskeri.

Eg vil ikkje dra ifrå heimplassen min, sjå den er så fin.

Her på Vestlandet, på Vestlandet, den finaste plassen på jord.

Her på Vestlandet, på Vestlandet, den finaste plassen på jord.

Bridge:

Korleis ville det vore å ha reist til USA?

Tenker veldig mykje på det. Me får håpa det går bra. (*Modulasjon*)

Ref 3:

Eg vil vera her og visa at sola kan skine på Vestlandet.

Eg vil vera her og bidra til utvikling for fiskeri.

Eg vil ikkje dra ifrå heimplassen min, sjå den er så fin.

Her på Vestlandet, på Vestlandet, den finaste plassen på jord.

Her på Vestlandet, på Vestlandet, den finaste plassen på jord.

**Lars Olai:** Hans Karin. Kari: Kom igjen! Båten går no straks.

**HK:** Me blir. Sjø å pakk dåke avgårde. Skikk dåke vél og ta vare på kvarandre!

**AM:** Eg trudde me hadde snakka om detta. Eit bedre liv i Amerika!

**HK:** Eit godt liv kan me få *her* og. No må dåke ikkje gløyme kor dåke kjem ifrå. Dåke e strilar og høyre heima her på øyena.

**Kari:** Husk for all del å kontakta oss so me får høyra korleis dåke har da.

**AM:** Me ska skriva brev så *ofta* eg kan.

**Kari:** Me kjem til å savna dåke. (*Vinker farvel*).

## AMERIKA:

Songtekst:

**(Anna Maria, Endre, Lars Olai og mannskapet):**

"Amerika, Amerika, lykkens kontinent. Amerika, Amerika.

Me reiser over Atlanteren, ja me er veldig spent.

Amerika, Amerika, vårt nye paradis.

Amerika, Amerika. Me reiser for å klare oss på nye vis". *Syngast 2 gongar.*

## LÅNET FRÅ BJELLAND:

Songtekst (snakkesynging):

**Bjelland:** Eg starta i det rolige som skraphandlar, før jeg blei til ein handelsbetjent. Tunge tak det måtte jo "te", for ellers kunne ingenting skje. Så tilbake i 1882 dro jeg på ein ekspedisjon Til Ryfylket det bar for å bli ein ordentlig kar, sammen med kompanjong Grønnestad Så blei det handel på dei britiske øyer, vi krydra både brisling og ansjos i tønner. Det gjekk så det susa, og åpna mange slusa, ja trur du ikkje me kunne ut å krusa? Me tapte nåke inntekt, men gav ikkje opp, fersk laks og kveite, ja det var topp. Hermetiske sardiner ble så produsert, og mange blei særdeles engasjert Når innsatsen e god får du mye igjen, så lenge du e ved dine fulle fem Dette må du alltid huska på, ellers vil alt sammen gå i stå

Saltet sild, laks og hummer, min venn. Om du satsar, så går det deg vel.

Saltet sild, laks og hummar, min venn. Om du satsar, så går det deg vel. (*kom igjen til publikum*).

Saltet sild, laks og hummer, min venn. Om du satsar, så går det deg vel.

Saltet sild, laks og hummer, min venn. Om du satsar, så går det deg vel.

(*Den velstående sardinprodusenten Bjelland får besøk av Hans Karin (med lua i handa) på "kontoret i byen"*).

**HK:** Christian Bjelland! Tusen takk for at du tar deg tid til å prata med meg.

**Bjelland:** (*Stavangerliknande dialekt*): Takk, takk, jo, eg må jo sjølvsagt yte mine tenester. Eg forstod det slik at du har behov for å byggja deg opp?

**HK:** Ja, for du skjønna, da e vanskelege tider og me har behov for å bygga oss opp der heima. Kan du vera interessert i å gjera ei avtala med meg? Eg har jo arbeidd nåken år som notabas.



**Bjelland:** Ja, eg kjenne deg som en ganske dugende bas. Få høyra ka du har tenkt!

**HK:** Eg har tenkt at me ska kjøpa båt og bruk og er villig til å binda meg til ein kontrakt med deg.

**Bjelland:** Kanskje me har nåke til felles, du og jeg. Far min var ein enkel bonde. Etter flere år med vanlig skolegang kom eg meg inn i fiskeri- og handelsbransjen etter hvert. No har eg til og med over 2000 ansatte. Eg e villig til å inngå eit samarbeid, som gjer at du kan kjøpe fartøy og bruk. Så vi gjer en avtala på 100.000 kroner og eg har tru på at du klare å betala tilbake ganske snart. Eg har tru på deg som bas, Hans. Du kan sikkert levera bra med råstoff til meg.

**HK:** Årsak, eg trudde du sa 100.000 kroner. *(ler)*.

**Bjelland:** Ja! 100.000 kroner er vel ein grei start, det?

**HK:** *(pauser)* 100.000 kr??? Da é jo 20-30 årsinntekter da, for ein fiskar! Da kan eg setja opp nothengja, og då. Eg betaler tilbake so snart eg kan. Eg vil jo komma meg både til Nordland og til Island på fiskeri.

**Bjelland:** La meg slippe å nevne hva som skjer om det ikkje blir tilbakebetalt.

**HK:** Med godt mannskap satsa me på å betala tilbake fortast mulig. Me reise med ein gong.

**Bjelland:** Hvis det går bra for dere, går det bra for meg og, så kjør i vei. *(HK drar i iver)*. Apappap, Hans? Har du ikke glemt noe? Sjekken, så klart! Hans? Den må jo signeres. Bli med inn på kontoret, så tar vi det der.

**HK:** Har du sigarerer, då eller?

**Bjelland:** Klart det, eg har cognac også. *(Begge humrer)*.

*Fortellarane kjem køyrande inn på scenen igjen frå båtturen.*

**FORTELLARSCENE:**

**Mathilde:** *Oppkastlydar og ubehag.*

**Fortellar:** Ka é da med deg, Mathilde? É du begynt å mata krabbana?

**Mathilde:** Ja, ja! Fekk han låna penga av Bjelland, altså, uten renter óg?

**Fortellar:** Han fekk låna penga av Bjelland på sitt ærlige ansikt fordi han va ein dugande notbas, uten renter og uten pant. So gjekk da t at dei fekk ordna seg båt og bruk Dei lagde seg eit lite småbruk heima. Dei reiste so ut på dei viktige samlingsplassana, på småsildfiske, til Nordlandsfiske, vinter- og vårsildfiske og til Island.

**Mathilde:** Åå, Island! Eg har alltid hatt lyst til å dra til Island. Korleis gjekk da med dei vidare då?

**Fortellar:** Jo, da ska eg fortella deg *(snakkar seg ut av scenebildet. "No drar me ut instrumental" startar)*.

## KLARGJERING TIL ISLANDSFISKE:

*Fiskekutteren ligg klar. Folk gjer seg klare til å reise på Islandsfiske. Tønner, not og anna utstyr blir frakta i båten og mannskapet går ombord.*

**Lars (dialog):** No sko Bjelland vore her og sett. Dé klarte jo å betala han på eit par år de, guttar. Da é jo heilt fantastisk. Masse tønner! Har dåke gjort klar snurpenota no då?

**HK: (tar farvel):** Me ska henta not i Fagerbakka, der heng ho klar

**Lars:** Ja vel. Du må bruka kreftena dine godt, Hans. Ver modig og uthaldande. Tosse at eg ikkje kan vera med dåke lenger. No får *du* dra lasset. Detta è naturens gong veit du.

**HK:** Me har eit sabba mannskap, pappa. E dåke klare, kara?

**Kari:** Så no reise dåke igjen?

**HK:** Ja, no venta Islandssilde på oss!

**Kari:** Da var ikke lenge dåke var i land denna gongen.

**HK:** Kari, dette har me jo snakka om.

**Kari:** Kanskje me skulle ha blitt med søskene dine til Amerika?

**HK:** Da var jo detta me drømte om. Sjå båten!

**Kari:** Da du drømte om (*ho går i fortvilelse*)

**HK:** Kari!

**Mannskapet:** Kom igjen, kara, no drar me.

**Hans og mannskapet syng "No drar me ut" (med innspelings) medan Lars betrakter det heile.**

(: No drar me ut, no drar me ut frå land.

Me skal reise saman, fangsten skal bli enorm.

No drar me ut, no drar me ut frå land

Me skal reise saman, no drar me ut frå land :) = x2. Avsluttar med latter.

*Båten til Blænes legg ut feil vei (bakkar mot styrbord side). Lars veivar den inn og hoiar og skrik om at dei må returnere.*

**Lars:** Nei, nei, ka e da de bala med? Må komma inn igjen! De kan ikkje snu båten feil vei ut vågen? Detta må gjerast eller så blir da hakkende gale! ÅÅ! (*Kaster kasjetthua*). Lære no aldri, jaja, da får gå so da går.

*Lars peiker og gestikulerer medan båten kjem tilbake riktig plassert.*

## KAPPROING:

*Ungar er klare i to ulike båtar. Vi høyrer "No drar me ut - instrumental". Ungane ror mot nordvest rundt vågen.*

**Lars:** (*kommanderar ungene til kapproing*): È de klar til litt kapproing no då, gutta? No må de trenna dåke til å bli dugande lettbåtroara! Legg dåke litt på årana. Litt t, kara! (*karar strømmer til Lars*). Men no, kara. No tar me oss ein tur på Børsen!

## **FISKARKONA:**

(*Kari sit allereie på scenen og rokker og spinner. Kjem inn på scena, medan ho er i gong med å "arbeide" på bruket. Rundt seg brukar ho ulike redskaper mens ho syng*).

## **EG SKAL SLETTES IKKJE KLAGE**

Songtekst:

**Kari:** Eg skal slettes ikkje klage, for arbeidet må gjerast.

Eg skal slettes ikkje klage, for arbeidet må gjerast.

Du har sikkert tenkt at fiskarane skapar livsgrunnlag,  
men så skjer det eitt og anna heime me må ta oss av.

Eg må drifta heile garden. Det er mykje produksjon.

Både tørka mark, lyngheier, sjølvsgt sjøbeltet og torvmyra.

Torva brukar vi til oppvarming og matlaging.

Og så skal det sjølvsgt såast, samlast lyng, skjærast korn og sette poteter.

Me har ei ku. Kor mykje vatn trur du den treng om dagen? Hundre liter! Og så melkinga.

Og me treng vatn til oss sjølve, både til matlaging, drikke, vasking og anna.

Om våren må me stille dyra, klippe sauver og gjere reint i bruket.

For ikkje å snakke om i huset når ungene spring att og fram.

Borna må ha eigne klede, som eg må sy med vevstol om våren.

For ikkje å snakke om all saltinga av sild som foregår når mannskapet kjem heim frå tur.

På ein god dag kan eg gane og salte 6-7000 sild!

Eg skal slettes ikkje klage, for arbeidet må gjerast

Eg skal slettes ikkje klage, for arbeidet må gjerast. *A capella epilog følger under.*

*Vokal improvisasjon a capella over følgande tekst og med D-mollskalaen: (drømmande)*

"Eg har da tøft her på neset, og det er mykje å gjera, sjølv om eg også har det fint. Eg sku ønska at eg kunne oppleva meir, ikkje berre da daglege slitet. Kanskje eg óg kunne reist til Amerika? Eg håpa dei har da fint på den andra sio øve havet. Håpa me sjåast ein vakker dag".

## PÅ BØRSEN - HISTORIA OM PENGESSEKKEN:

"Vals" blir spelt av. Karane på Børsen samlast for å dykja (snakka). Baren (styrehuset) er på plass. Her er det alltid ein god tone og gamle historiar blir teken fram. Dei har og umerka ølflasker som dei drikker litt på.

**Ingvar:** Skål, kara! Ja, ja, ja (*kosar seg*). Nei. De veit. Det é harde tak. Men treffast, da må me!

**Rune:** Sanktens enig med deg, Ingvar. Eg é spent på å høyre korleis da går med fiskeriet dåkas og kor mykje dåke får levert? Har du vore nordvest om, du?

**Ingvar:** Eg er nett komen heim frå fiske i Lofoten. Da var jammen mange båtar der i år. Jaja, no har me fått både snurpenot og motor i båtana, so da é nye tie. Me gjorde ein god tur, sjølv om da va dårlig vér. Nåken forliste på vei heim, men me va heldige. Trasigt for dei so ikkje får sine heim. Me traff godt med véret.

**Georg:** Men skål, gutta - jammen kjekt å treffast igjen. Har dåke forresten hørt historia om han so kom på Børsen med heile oppgjøret i ein sekk?

**Rune og Ingvar:** Eh, nei, kva va da for nåke? Fortell! (*begge nysgjerrige*).

**Georg:** Ja, han hadde gjort ein svera tur og fått oppgjøret i ein sekk. Så gjekk han rett på Børsen for å feira! Han la så sekken under bordet, men veit dåke kor mykje som var oppi sekken? Da va eit sverande kast. 200.000 kroner!

**Rune:** 200.000 kroner?! (*roper*). Da tilsvare jo 50 årslønner for ein fiskar? (*Særs interessert*).

**Georg:** Ja, visst gjorde da da. Og han drakk med begge nevana. Så reiste han seg igjen og gjekk, men glømte sekken under bordet.

**Rune og Ingvar:** Nei???

**Georg:** Ja, dar låg sekken itte fleire tima, heilt urørt. Så begynte å komma t seg sjølv igjen kom han på sekken. Han sprang tilbake til Børsen, og ka trur dåke låg der?

**Ingvar:** Nei, Gud bedre, då var han meget flaksen.

**Georg:** Så for all ettertíð gjekk han først i banken! Nei, no må me stemma i med ei skålevisa, kara! E dåke med, eller? (*nikkar*).

### SKÅLEVISE (karane på Børsen syng)

Songtekst: Ref. intro

Vers 1 (**Georg**): Da é ikkje lett å få penga i sekken.

Trør du litt feil, é dei vekke på flekken

Me arbeida hardt og fydle på kadno.

Men da é ikkje alltid nok med kaffien t mammo!

Vers 2: Me tar oss ein skål for å få opp humøret,

for humør kan kje målást i kroner og øre.

Så bli med og syng på mitt ringe refreng

og få oppi glasset da me aller helst treng

Ref (**alle**): Skål, kara, skål! No é da på tide å få seg ein tår.  
Skål, kara, skål! Ja, bli med og syng, og du glede vil få. (*modulasjon*)

Vers 3 (**Ingvar**): Eg tok meg ein tur ut på fjorden her om dagen.  
Når fangsten é laber, blir det lite i magen  
Då é da jo deilig å ta seg eit glass  
For med karane på børsen é man på riktig plass

Ref (**alle**): Skål, kara, skål! No é da på tide å få seg ein tår  
Skål, kara, skål! Ja, bli med og syng og du glede vil få  
Ref: Skål, kara, skål! No é da på tide å ta seg ein dram  
Skål, kara, skål! Ja, bli med og syng både herr og madam.

**Barn 1, 2 og 3** (også servitørar): Me stenge no, kom dåke ut! Sett igjen glassena.

## LENGSEL:

*Nokre ungar samlar seg for å snakke om at dei savner foreldra sine, som er på Islandsfiske. Vi høyrer "Innbying" i bakgrunnen.*

**Barn 1:** Eg lure på korti dei kjem igjen. Onkel lovte meg at me sku vera i lag når han kom heim, men eg syns dei berre é vekke heila tio.

**2:** Eg og savna dei, eg vil at han ska komma igjen snart. Kanskje han har nåke med til meg?

**3:** Da e jo langt t Island, ein bruka mykje tid på å komma seg so langt. Dei kjem sikkert tilbake snart, trur ikkje dåke da då?

**2:** Ka om seilena og motoren ikkje fungera lenger?

**1:** Nei, no må du *gje* deg! Dette ordna seg, slapp heilt av. Dei kjem sikkert no øve heljo ein gong.

**3:** Ja, me får no håpa da.

## FORTELLARSCENE:

*Vi høyrer innledning av "Forventningsmusikk".*

**Fortellar:** Korleis går da med deg, Mathilde?

**Mathilde:** Jo, da går no litt bedre med meg. Men me fekk ikkje akkurat nåke fisk då.

**Fortellar:** Nei, blei ikkje mykje middagsmat, du. Jaja, me får vel ta oss ein tur inn på Bekkervigen Smakeri og få oss ein fiskeburger eller nåke sånt?

**Mathilde:** Dei har ikkje fiskeburger på Smakeriet. Men dei har kanskje fish and chips hvis du absolutt ska ha fisk.

**Fortellar:** Fisk og poteter é da besta eg veit.

**Mathilde:** Stakkars Kari som måtte være så mykje aleina. Kor lenge va dei ute på fiske om gongen egentlig?

**Fortellar:** Da kunne gå lang tid før dei kom tilbake. Da va kun hardt arbeid som gjaldt om ein skulle klara seg godt. Dei måtte stå på for å øveleva.

**Mathilde:** Ja. Men korleis gjekk da med Anna Maria då?

**Fortellar:** Jo, ho slo seg ned i Nord-Dakota. Ho fekk to unga med ein kar som heitte Ole Hellebust. Dessverre blei livet ikkje heilt som dei hadde planlagt.

**Mathilde:** Planlagt?

**Fortellar:** Ja...

**Mathilde:** Men Anna Maria og dei som flyttet til Amerika, hadde de ikkje noe kontakt med Hans Karin og Kari?

**Fortellar:** Jo, dei va flinke til å senda brev til kvarandre, men da blei dessverre sjeldnare og sjeldnare. Du skjønna, Amerika blei ikkje heilt sånn so dei håpa for alle.

*Vi høyrer sporet Forventningsmusikk i sceneskiftet.*

## **BREVET FRÅ AMERIKA:**

**Bodbringar:** Sjå! Dåke må sjå! Dåke har fått eit brev, det er frå Amerika. Det står Anna Marie på det. Sjå! (*veldig ivrig*).

**Lars:** Nei men, jøss, er det frå vår kjære Anna Maria? Ja, men sjå til å gje brevet til meg, då vel. Kari, me har fått eit brev frå Anna Maria i USA. (*skundar seg for å lese kva som står, lesar vidare medan songen tek til. Vidare reagerer han på det som vi høyrer undervegs og setter seg ned når han høyrer om sjukdommen*).

**Lars:** Ka é da da står? Hospital!? Tuberkulose? (*Oppgitt*). Eg trur eg må setta meg ned.

**Anna Maria:** (*syng brevet, men kun som skugge av seg sjølv, medan dei andre gestikulerer i retning av brevet*):

## **KJÆRE SØSKEN**

Songtekst:

**Anna Maria:** Kjære søsken og kjende der heime på Vestlandet. Her i USA har me hatt da fint, men me tenke også mykje på dykk. Då me kom var me ei tid hos onkel Nils i Donnelly, Minnesota, før me flytta vidare til McKinney i Nord-Dakota. Eg har vore heldig og truffe ein flott mann. Han heiter Ole Hellebust. Vi har også fått to vakre barn, Knute og Lillian Johanna. Me é so uendelig glade i dei. Mine søsken har klart seg godt. Storebror min, Lars Olai, har fire born. Han gjer

arbeidet sitt for den kanadiske jernbanetenesta og har busett seg i Saskatchewan, heilt sør i Canada. Han er slettes ingen fiskar og snakkar sjeldan om fortida i heimlandet sitt. Kanskje han har det best der i Canada? Endre har også etablert seg med sin andre kona, Nettie. Han é politisk engasjert, og eg ser slettes ikkje vekk frå at han kan gjere karriere der. Sidan vi begge er travle, treffast me ikkje så ofte, men vi sender stadig brev til kvarandre for å fortelja om korleis vi har det. Det er også noko eg må fortelle, som uroar oss. Eg har no blitt lagt inn på San Haven Hospital. Det er eit spesialdreve sjukehus for pasientar ramma av tuberkulose. Dei seier at eg ikkje kan forvente å sjå borna mine vekse opp. Og *eg* som har sett for meg å leve eit langt liv. Ole og eg tenkte også å flytte attende til Vestlandet. Derfor vil eg at de skal vite:

Ta vare på kvarandre og dei andre som er rundt dåke. Livet er for kort til å leve utan at ein grip kvar dag. Ta vare på kvarandre og dei andre som er rundt dåke. Livet er for kort til å leve utan at ein grip kvar dag.

**Lars** (*fullfører brevet*): Eg savna dåke djupt. Min kjære Ole helsar. Kjærleg helsing dåkas kjære dotter: Anna Maria.

**Bodbringar**: Da é meir.

**Kari**: Ka då?

**Bodbringar**: Me har blitt fortalt at mannskapet i familien din, som fortsatt er vekke på Islandsfiske, har havna i vanska (*bekymra og hastig*).

**Kari**: Jaså, korleis då?

**Bodbringar** (*leser sakte og tydelig*): Jo, da har seg sånn at båten blei nedisa og dei brukte mykje krefter på å få da vekk. Dei kom óg borti mykje uvér, men eg veit ikkje korleis dei klarte seg ut av dette. Her har du brevet!

**Kari**: Få sjå på da der brevet! (*tek papirlappen hastig*). Er detta verkeleg sant? Men, ka meir skjedde då, kom dei seg vidare eller ikkje?

**Bodbringar**: Etter ka eg forstår, har det ikkje gått dei så godt.

**Kari**: Ka é da du seie? (*pauser*). Eg får vel gje beskjed til familiana om detta.

*Familien samlast etter at Kari har gitt beskjed om at ho vil snakke med dei om noko viktig. I bakgrunnen høyrer vi den instrumental versjonen av "Bøn", som går vidare når alle er samla.*

**Kari**: Kjære, dåke. Me har fått ei utrivelig melding om Hansen og mannskapet hans.

*Dei andre kjem nærmare og undrer seg over kva det er ho skal fortelja.*

**Karl Martin**: Kva foregår? Fortell då, Kari! (*utålmodig*).

**Kari**: Vel: Da ser ut til at båten med mannskapet ikkje har klart å kvitta seg med all isen som festa seg på båten borte på Island. Og når i tillegg da blei fela uvér .... (*pausar og tek inn kjenslene*) ....

**Karl Martin**: Kva slags uvér, ka meina du med uvér?

**Kari** (*pauser*): Da ser ut til at eg må ta kontakt med presten.

**Karl Martin**: Presten, koffor da? (*Får ikkje svar*).



## KLARGJERING TIL MINNESTUND:

*Me høyrer "Horntema". Presten kjem inn. Fleire frivillige og statistar blir med på minnestunda.*

**Presten:** Vel møtt, alle saman, til denna minnestunda. Me é samla for å minna alle dei som reiste på Islandsfiske for eit tid sio. Da har vorte ei tung og vanskeleg tid for dåke. Me møtest i dag for å ta farvel med alle desse som har stått oss så nær, anten dei har vore familiemedlemmar, nære bekjente eller mannskap. I eit lite lokalsamfunn som dette blir ein sterkt berørt av slike hendingar. Dei fleste kjenner kvarandre og mange er knytt til kvarandre gjennom familie og tette band. Me skal *ikkje* spekulera i kva som har hendt med dei, men er samla for å hedre deira minne og føre dei vidare til himmelriket, der dei kan møtast i nåde. Trua vår er som ein frø. Om me bevarer dette frøet i hjartet og slepper trua inn, vil me ikkje gå fortapt, men ha evig liv. Ved Jesu, Gud og den Heilage ande sitt nærvær vil dei me var så glade i leva vidare, både i våre minne, men også i Himmelriket. For så elska Gud verda, at han gav son sin, den einborne, slik at kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.

Før me ber Herrens bøn, vil eg at me samla oss om første verset av ein felles salme. *Jesus, du er den Himmelveg. (Alle reiser seg).*

## JESUS DU ER DEN HIMMELVEG:

Jesus, du er den himmelveg / som til Gud Fader oss leder. / Frelsa det er å finna deg, liv og uvisnande heider. / Du er all skapnings ljøs og liv, / verdi då enn i myrker sviv, / vinglande vilt millom graver.

Songtekst (*slutten av hornintroen blir spelt av før alle syng*):

**Alle:** Jesus, du er den himmelveg / som til Gud Fader oss leder. / Frelsa det er å finna deg, liv og uvisnande heider. / Du er all skapnings ljøs og liv, / verdi då enn i myrker sviv, / vinglande vilt millom graver.

**Presten:** Så vil eg at me ber den bøna Jesus har lært oss.

*Alle samlast i bøn:*

Fader vår, du som er i himmelen! Lat namnet ditt helgast; lat riket ditt koma; lat viljen din råda på jordi so som i himmelen; gjev oss i dag vårt daglege brød; og forlat oss vår skuld, som me og forlet våre skuldmenn; og før oss ikkje ut i freisting; men frels oss frå det vonde. For riket er ditt, og makti og æra i all æve.

**Barn 1 (avbryter):** Kari, Kari! Sjø! Dar ute!

**Kari:** Kor hen?

**Barn 1:** Dar!

**Presten:** (tydeleg overraska) Amen!



*Begge båtane kjem innover, med seglbåten først og Hans Karin og co bakom. Dei seiler innover vågen med mannskapet ombord. Vi høyrer "År har gått" når båten er nært nok (100 meter ca.).*

## ÅR HAR GÅTT

Songtekst:

**Kari:** Vers: Det er alltid ein veg som me må gå, ingen kan sei kor den tar oss.  
Det ukjente farvanns bølgebrus. Tru det vil åpne seg dører.  
Ei framtid med arbeid venter oss, utan å sjå kva det rører.  
Me finne fram løysingar for oss, utan å tenke på sorger.

Ref: **Begge:** År har gått, no er me her. År har gått. År har gått, no é me her, me é her.

**HK:** (*kjem inn på land*):

Vers: Den varmen og gleda du gjer oss. Smilet ditt visast så tydeleg.  
Eg har alltid lagt hjarta mitt i oss. Kjærleiken vår, du é nydeleg.  
På Vestlandet ligg vår hjarterot. Havgapet er ei oppleving.  
Me skal løfte kvarandre opp og fram. Kven har vel bruk for forandring?

Ref. (begge):

År har gått, no é me her. År har gått.  
År har gått, no é me her, me é her.

(*Soloparti. Gjensynsglede*). *Klemmer og danser og danser på siste del.*

**Kari:** Vers: Det é alltid ein vei som vi må gå.

**HK:** Kven kan vel sei kor den tar oss?

**Kari:** Det ukjente farvanns bølgebrus.

**HK:** Tru det vil åpne seg dører.

Ref: **Begge:** År har gått, no é me her. År har gått.

År har gått, no é me her, me é her.

**Kari** (snakkar): Eg trudde aldri eg skulle få sjå deg igjen!

**HK:** No. No é eg her. *Klem. Lars og Karl Martin kjem også til.*

**Lars:** Å, da va godt å sjå deg!

## **BRYGGEDANS:**

Me høyrer "Skålvise" medan folk danser. Alle finn seg ein partner og blir med på den gledesfylte dansestunden, som deretter beveger seg over i fortellarscenen.

## **FORTELLARSCENE:**

**Fortellar:** Jaja. Du é svere å kjøra bil, men eg veit ikkje om eg har så lyst på fisk no.

**Mathilde:** Ka é da, e du blitt bilsjuk, eller?

Fortellar: Eg må rett og slett leggja meg ned, trur eg. Jaja, sånn gjekk da t, du.

**Mathilde:** Ja, huff, dei fekk ikkje akkurat nåke gratis. Da va jo skikkelig hardt arbeid.

**Fortellar:** Ja, og Hans Karin og dei er berre eit eksempel på eit samfunn fullt av fiskarar som satsa da dei hadde for å lukkast. Da va fiskebåta på kvart eit nes. Og berre sjå korleis da har gått i dag.

Her er mange som kunne vore nevnt. Du kjenne gjedna til nåken familia du óg?

**Mathilde:** Ja, klart gjer eg da.

## **AVSLUTNINGSSCENE:**

*Her på Vestlandet kjem som fellesnummer med der alle samlast på scenen. Allsang frå etter modulasjonen.*

Songtekst:

**HK:** Eg vil vera her og visa at sola kan skina på Vestlandet.

Eg vil vera her og bidra til utvikling for fiskeri.

Eg vil leva her, og kjenne at plassen eg kjem frå, den har verdi

Eg vil vera med og skapa ei utvikling for fiskeri

